

ØyVAR AS

Teneste: VA tenesta
inkludert veg,
vedlikehald og
utbygging

Score: 1-5 (låg/liten - høg/stor)

Kriterievekting: tenleg/effektiv/framtidsretta

Vurderingskriterium

Kommunalt føretak (KF)

Aksjeselskap (AS)

Kommualteknisk etat (KE)

| | | | | | | |
|----------------------------------|--|-----------|---|-----------|--|-----------|
| Demokratisk styring | Direkte kontroll via kommunestyre og styret i føretaket | 4 | Iht omforeina figur | 3 | Iht omforeina figur | 5 |
| Effektive | Kan verta, men krev profesjonelt styre og kultur for låg politisk innblanding (uprofesjonalitet) Då er litt av poenget med KF borte. | 4 | Ofte høgast effektivitet pga korte avgerds prosessar og stor fleksibilitet. Kundefokus. Driv til sjølvkost. | 5 | Ingen konkurranse, normalt sett lågare insentiv for effektivitet. Låg kultur for måling og etterleving. Blandingsdrift | 2 |
| Tenleg | Høg. Flexibilitet i selskapsform til å utøva, men likevel under politisk kontroll | 4 | Høg. Større fridom, men høgt fokus på bedriftsøkonomiske prinsipp og låge ratar. | 4 | Låg. Blandingsdrift kan gje høgare kostnad | 2 |
| Høg kvalitet | Høg/middels. Kontrollert av politikarar, men likevel stor grad av fridom til å rigga selskapet for effektiv drift. | 4 | Vil jobba for låg sjølvkost for å sikra lågast mogleg gebyr. Kvalitet kan gå på bekostning av effektivitet | 5 | Middels. Fragmentert, multitasking. Fare for utvasking av kvalitet fordi ein vil sikra optimal bruk av ressursar | 3 |
| Færrast mogeleg einingar/sameina | I tillegg til kommunal etat | 4 | I tillegg til kommunal etat | 4 | Ein etat | 5 |
| Øk. Berekraftig | Binder kommunal kapital | 4 | Sjølvstendig AS. Bind ikkje kommunal kapital. | 5 | Vil måtte byggjast opp og utviklast. | 3 |
| Føreseielege | Delvis politikarstyrt | 4 | Høg. Profesjonelt styre. Høg grad av sjølvstende. | 5 | Direkte styring og kontroll | 3 |
| Framtidsretta | Unødvendig med politisk kontroll. | 4 | Stor grad av sjølvstende og vil jobba for låge gebyr. | 5 | Utfordrande å ha nok kompetanse. Vert berre ein del av ein kommunal etat sine oppgåver | 3 |
| Score | | 32 | | 36 | | 26 |
| Etter vekting | | 12 | | 14 | | 7 |

Konklusjon:

Basert på ei samla vurdering og samsvar med valde kriterier (36/14), vil utvalet tilråda at VVA (veg, vatn og avlaup) området i Nye Øygarden kommune vert organisert som eit AS. Utvalet føreslår eit nytt fusjonert selskap mellom FjellVAR AS og Sund VA AS samt at aktuelle etatar og avdelingar i noverande Øygarden kommune vert lagt inn.

| Teneste: RENOVASJON | | Score: 1-5 (låg/liten - høg/stor) | | Kriterievekting: tenleg/ effektiv/framtidsretta | | | | |
|-----------------------------------|---|--|---|--|---|-----------------------------------|--|-----------|
| Vurder.kriterium | Kommunalt føretak (KF) | Heileigd Aksjeselskap (AS), ØyVAR | | Deleigarskap AS (BIR) | | Kommunal teknisk etat (KE) | | |
| Demokratisk styring | Direkte kontroll via kommunestyre og styret i føretaket | 4 | Indirekte kontroll via styre | 3 | Indirekte kontroll via styre | 2 | Kontroll via rådmann/etat | 5 |
| Effektivitet | Kan verte men krev profesjonelt styre og kultur for låg politisk innblanding (uprofesjonalitet) | 4 | Høg effektivitet pga eigen fridom og fleksibilitet, kundefokus | 5 | Fristilt, autonomt, forretningsmessig | 5 | Ingen konkurranse, normalt sett lågare intensiv for effektivitet | 2 |
| Tenleg | Politisk innflytelse. Likevel fristilt, handlingsfridom | 3 | Profesjonalitet, fristilt | 4 | Profesjonalitet, fristilt, stordriftsfordel | 5 | Ikkje relevant i ta dette inn som del av drift. | 2 |
| Kvalitet | Utfordrande å byggja kapasitet og kompetanse | 3 | Spesialisert, synergjar der fleire tenester vert samla (veg) | 5 | Spesialiserte tenester | 5 | Utfordrande å bygga kapasitet og kompetanse | 2 |
| Færrast moglege einingar/ Sameina | I tillegg til kommunal etat | 4 | I tillegg til kommunal etat | 3 | I tillegg til kommunal etat/selskap | 2 | Ein etat | 5 |
| Økonomisk berekraftig | Bind kommunal kapital. | 2 | Bind ikkje kommunal kapital. Forretningsmessig | 5 | Bind ikkje kommunal kapital. Forretningsmessig | 5 | Dyr teneste pga låg utnytting og vanskeleg å få nok kompetanse | 2 |
| Føreseieleg | Delvis politisk styrt | 3 | Profesjonelt styre. Låg politisk innblanding. Kontraktsstyrt | 5 | Profesjonelt styre. Låg politisk innblanding. Kontraktsstyrt | 5 | Direkte kommunal styring og kontroll | 3 |
| Framtidsretta | Kritisk ift samhandling/deleigarskap/ utvikling saman med andre | 2 | Profesjonalitet iht fag. Stort framtidig fagområde med stor innovasjonsgrad | 5 | Profesjonalitet ift fag. Stort framtidig fagområde med stor innovasjonsgrad | 5 | Utfordrande å ha nok kompetanse. Vert berre ein del av ein kommunal etat sine oppgåver | 2 |
| Score | | 25 | | 35 | | 34 | | 23 |
| Med vekting | | 9 | | 14 | | 15 | | 6 |
| Konklusjon: | Utvalet sine vurderingar relatert til eigarskap og modell for renovasjon , viser at totalvurderinga heller mot at dette vert lagt inn under ØyVAR (35) mens ser ein på kriteriuma som utvalet meiner bør vektast mest så er ei løysing der BIR handterer denne tenesta det som får høgast score (15). | | | | | | | |

Øygarden næringsseigedom AS.

Teneste:

Næringsseigedom-
utvikling

Score: 1-5 (låg/liten - høg/stor)

Kriterievekting:

ØK berekraftig/framtidsretta/tenleg

| Vurder.kriterium | Kommunalt føretak (KF) | Aksjeselskap (AS) | Kommualteknisk etat (KE) | | | |
|------------------------------------|---|-------------------|--|-----------|---|-----------|
| Demokratisk styring | Direkte kontroll via kommunestyre og styret i føretaket | 4 | Indirekte kontroll via styre | 3 | Kontroll via rådmann/etat | 5 |
| Effektivitet | God balanse mellom politisk styring og eigen fridom for selskapet | 4 | Uavhengig, profesjonelt styre. Stor grad av forretningsmessig og driftsmessig fridom | 5 | Underlagt byråkratisk system som tar tid og er kostbart. Vanskeleg å få god effektivitet. Underbygd av diverse offentlege rapporter med høg signifikant | 2 |
| Tenleg | Høg fordi en har kommunal kontroll(strategisk) og er høg grad sjølvdriven. | 4 | Fornuftig som utviklingsredskap. Arbeider for eigaren sine økonomiske og strategiske interesser | 3 | Kan fungera bra med god styring og kontroll, men dette har vist seg vanskeleg. Sterke organisatoriske modellar som ikkje nødvendigvis gjev effektivitet | 3 |
| Kvalitet | Middels/høg. Sjølvstendegrad ift kommunal etat | 3 | Middels, fokus på låg kostnad. Stor synlegheit | 5 | | 4 |
| Færrast moegeleg einingar/ Sameina | I tillegg til kommunal etat | 4 | I tillegg til kommunal etat | 4 | Ein etat | 4 |
| Økonomisk berekraftig | Bind kapital, men overskot kan overførast til kommunal drift | 4 | Bind ikkje kommunal kapital | 5 | Bind kommunal kapital. Kan lett forsvinna i totalbudsjettet. | 4 |
| Føreseieleg | God. Klare avgjerder men delvis politisk styrt | 4 | Tydelege avgjerder og fastsette strategier | 5 | Middels, avhengig og begrensa av leiing og styring | 3 |
| Framtidsretta | Ja. God balanse mellom politisk kontroll og sjølvstende | 5 | Låg politisk kontroll. God der ein ikkje treng politiske føringar eller skal konkurrere på marknad eks. drift. | 4 | Hvis ja må drift skiljast ut, men då må ein akseptera høgare kostnad, større byråkrati som del av politisk kontroll. | 2 |
| Score | | 32 | | 34 | | 27 |
| Etter veking | | 13 | | 12 | | 9 |
| Konklusjon: | <p>Når det gjeld utvikling av næringsseigedomar for Nye Øygarden kommune, syner kriterium score totalt at det vil vera mest tenleg at dette vert forvalta gjennom eit AS. Legg ein til grunn vektinga og score frå dei utvalde kriteria finn ein at eit KF vil vera like tenleg.</p> <p>Det vert synt til Deloitte sine vurderingar frå arbeidet dei har gjort for Asker kommune i samband med kommunesamanslåing mellom Asker, Hurum og Røyken kommunar.</p> | | | | | |

Øygarden

Eigedomsforvaltning KF.

| Teneste: | | | | | | Kommunale bygg: Alle bygg kommunen eig, brukt opp mot 100% og som trengs for kommunal drift. | | |
|--|--|-----------------------------------|--|---|--|--|---|---|
| Kommunale bygg/drift(utenom næringsbygg) | | Score: 1-5 (låg/liten - høg/stor) | | Kriterievekting: Demokratisk styring/ effektiv/øk berekraftig | | | | |
| Vurder.kriterium | Kommunalt føretak (KF) | Aksjeselskap (AS) | Bustadstifting | Kommunalteknisk etat (KE) | | | | |
| Demokratisk styring | Direkte kontroll via kommunestyre og styret i føretaket | 4 | Indirekte kontroll via styre | 3 | Ingen eller lav demokratisk påvirkning sett fra loven. | 1 | Kontroll via rådmann/etat | 5 |
| Effektivitet | Høg/Middels. Underlagt kommuneforvaltning | 3 | Høg. Uavhengig, profesjonelt styre | 4 | Høg(ligg til grunn vår erfaring med Fjell bustadstifting) | 5 | Underlagt byråkratisk system som tar tid og er kostbart. Vanskeleg å få god effektivitet. Underbygd av diverse rapportar | 3 |
| Tenleg | Høg fordi ein har kommunal kontroll (strategisk) og er sjøvdreven i høg grad | 4 | På utviklingssida ja. Drift middels til låg. Mogleg konflikt på tilskotssida. | 3 | Kommunen kan ikkje dekkja tenesta direkte men må via kommunal innkjøpsforvaltning. God på låge kostnader/låg på å vera føreseieleg. Må likevel ta seg av det som ligg i bustadstiftinga i dag. | 2 | Kan fungera bra med god styring og kontroll, men dette har vist seg vanskeleg. Sterke organisatoriske modellar som ikkje nødvendigvis gir nødvendig effektivitet. | 4 |
| Kvalitet | Middels/høg. Sjølvstendegrad ift kommunal etat. Sosialt aspekt med seg | 5 | Sosialt aspekt nedprioritert ift kommersielt fokus | 4 | Sosialt aspekt ikkje del av ansvarsområdet ved drift. | 4 | Middels/høg. Sosialt aspekt med seg med høg kvalitet. Lågare fokus på vedlikehaldsdelen/den kommersielle delen. | 4 |
| Færrast moglege einingar/ Sameina | I tillegg til kommunal etat | 4 | I tillegg til kommunal etat | 4 | I tillegg til kommunal etat | 3 | Ein etat | 4 |
| Økonomisk berekraftig | Bind kapital men overskot kan overførast til kommunal drift | 4 | Bind ikkje kommunal kapital. Kan vera utfordrande relatert til skatt ved evt sal av eiendommer | 3 | Ikkje høve for utbytte eller annan økonomisk påverknad. | 2 | Bind kapital,men overskot kan overførast til kommunal drift | 4 |
| Føreseieleg | Sjølvstyrt, men med politisk påverknad. | 4 | Sjølvstyrt, men etter politiske vedtak og strategiar. | 4 | Sjølvstendig men avhengig av kommunen sine behov. | 3 | Middels, avhengig og begrensa av leiing og styring | 3 |

| | | | | | | | | |
|----------------------|--|-----------|--|-----------|---|-----------|--|-----------|
| Framtidsretta | Ja. God balanse mellom politisk kontroll og sjølvstende | 4 | Låg politisk kontroll. God der ein ikkje treng politiske føringar eller skal konkurrera på marknad eks. drift. | 4 | Kan vera i konflikt med politisk strategiske behov, men låg kostnad (effektivitets fokus) | 3 | Hvis ja må drift skiljast ut, men då må ein akseptera høgare, større byråkrati som del av politisk kontroll. | 2 |
| Score | | 32 | | 29 | | 23 | | 29 |
| Etter vekting | | 11 | | 10 | | 8 | | 12 |
| Konklusjon: | <p>Selskapet/føretaket skal ivareta bygging og drift av alle kommunale bygg foruten næringsbygg. Dette inkluderer og kontorbygg. Typisk vil vera sjukeheimar, barnehagar, aldersbustadar, andre sosiale bustadar.</p> <p>Basert på totalscore så vil drift av kommunale bygg samt andre nødvendige område der kommunen har ansvar, kunne driftast via eit kommunalt føretak (KF) eller ein kommunal etat (KE). Fleirtalet i utvalet meiner at utifrå ei heilskapsvurdering og med hovudvekt på kriteria effektiv, høg kvalitet, økonomisk berekraftig og framtidsretta, vil det vera mest formålstenleg at denne viktige delen av den kommunale verksemda vert som eit kommunalt føretak</p> | | | | | | | |

Øygarden Næring og Utvikling AS

Teneste:

Næringsforvaltning (og utvikling)

Score: 1-5 (lav/liten - høg/stor)

Kriterievekting:

demokratisk styring/ effektiv/øk berekraftig

| Vurderingskriterier | Kommunalt føretak (KF) | Aksjeselskap (AS) | Kommualteknisk etat (KE) |
|-----------------------------------|--|--|---|
| Demokratisk styring | Direkte kontroll via kommunestyre og styret i føretaket 4 | Indirekte kontroll via styre 3 | Kontroll via rådmann/etat 5 |
| Effektivitet | Vert innovervendt og lite innovativ 3 | Kan inkludera nødvendige aktørar i same selskap 4 | Vert innovervendt. Få incentiv. Låg (kompetanse og politisk styrt/uprofesjonalitet) 2 |
| Tenleg | Liten evne til å inkludera andre nødvendige aktørar på same måte som eit AS. 3 | Fangar fleire aktørar, god organisering for å gjennomføra føretrekt modell (ref. rapport) 4 | Liten evne til å inkludera andre nødvendige aktørar på same måte som eit AS. Låg (kompetanse og politisk styrt/uprofesjonalitet) 2 |
| Kvalitet | Begrensa tilfang av andre aktørar og kompetanse 3 | Profesjonalisert. Oppgåvefokusert 4 | Vanskeleg å knyta seg mot andre nødvendige aktørar. Kan likevel tena som politisk verkemiddel 2 |
| Færrast moglege einingar/ Sameina | I tillegg til kommunal etat 4 | I tillegg til kommunal etat 4 | Ein etat 5 |
| Økonomisk berekraftig | Middels. Bind komm. kapital. 3 | Høg. Profesjonelt styre, overskot fokusert 4 | Låg. Kan bli fragmentert internt i fleire etatar. Uprofesjonalisert 1 |
| Føreseieleg | Middels. Kan få politisk innblanding 3 | Middels. Politisk ukorrekt. Avhengig av styret sine målkriterium og lojalitet 3 | Låg. Politisk styrt, typisk via utval 2 |
| Framtidsretta | Høg. Kommunalt og innanfor alle rammer til stønad og tilskot. Liten evne til å inkludere andre nødvendige aktørar på same måte som eit AS. 4 | Høg. Profesjonelt styre, overskot fokusert. Kan vera ekskludert frå tilskotsordningar 4 | I høve til samhandling bør dette ikkje liggja i ein etat men i eit AS. Dersom etat krev det streng administrativ struktur. 2 |
| Score | 27 | 30 | 21 |
| Med vektning | 10 | 11 | 8 |
| Konklusjon: | Næringsutvikling bør skiljast ut i eit eige AS. Utvalet meiner ein modell som er omtalt i rapporten vil vera det beste slik at ein gjev moglegheit til å involvera andre nødvendige aktørar på ein mest moglege bindande måte. Eit AS vil opne for eit felles eigarskap i eit slikt selskap. Utvalet meiner at kommunen må vera majoriteseigar i selskapet. Selskapet vert ein paraplyorganisasjon for næringsutvikling. | | |

Øygarden Brann og Redning

Teneste: Brann, tryggleik

og rednings tenesta

Score: 1-5 (lav/liten - høg/Stor)

Kriterievekting: demokratisk styring/ effektiv/tenleg

Vurderingskriterier

Kommunalt føretak (KF)

Aksjeselskap (AS)

Kommunalteknisk etat (KE)

| | | | | | | |
|-----------------------------------|--|-----------|--|-----------|--|-----------|
| Demokratisk styring | Direkte kontroll via kommunestyre og styret i foretaket | 4 | Indirekte kontroll via styre. | 2 | Kontroll via rådmann/etat | 5 |
| Effektivitet | Ja. God balanse mellom politisk kontroll og uavhengighet. | 4 | Drifta etter bedriftsøk. prinsipp | 3 | Krev høg grad av styring. Avhengig av tett knytning i kommunal leiing | 4 |
| Tenleg | Høg pga lov og regelverk styrt | 5 | Låg Skal i liten grad konkurrera i ein marknad | 2 | Høg. Direkte styring og kontroll. Samhandling under rådmann | 4 |
| Kvalitet | Høg pga lov og regelverk styrt | 5 | Høg pga lov og regelverk styrt | 5 | Høg pga lov og regelverkstyrt | 5 |
| Færrast moglege einingar/ Sameina | I tillegg til kommunal etat | 4 | I tillegg til kommunal etat | 3 | Ein etat | 5 |
| Økonomisk berekraftig | Lovpålagte tenester. Bind kommunal kapital | 4 | Usikkert då ein må kompensera for å sikra administrativt kopling mot AS'et. | 3 | Normalt dyreate løysing | 3 |
| Føreseieleg | Middels. Tilsynsorgan | 4 | Lågast | 2 | Høg. Direkte styring og kontroll. Krev tett leiing. Kan koma i konflikt med det å vera tilsynsmynde.. | 4 |
| Framtidsretta | Ja, uavhengig men styrt innanfor rammer. Dyrka det faglege brann og beredskapsmessige som eit eigen føretak. | 5 | Nei. Låg kontroll frå administrasjon og politikarar. Vanskeleg å styra strategier. | 3 | Kan vera beste løysing dersom ein tenkjer fleire tenester lagt under denne etaten med stor kompetanse innen ulike område. Knytning mellom samfunnsberedskap og helse vert viktig framover. Kan vera konflikt med at BTR er eit tilsynsorgan. | 5 |
| Score | | 35 | | 23 | | 35 |
| Med vekting | | 13 | | 7 | | 13 |

Konklusjon:

Basert på score frå kriteria og vektingskriteria meiner utvalet at brann, tryggleik og redningstenesta i Nye Øygarden kommune må starta opp som eit KF (etter IKS som varer ut 2019) eller alternativt gå inn i ein kommunalteknisk etat. Utvalet meiner at begge modeller vil fungera. Det einaste som utvalet set litt spørsmålsteikn til er om det er lurt at brann og rednings etaten då skulle kunne føra tilsyn med kommunen sine eigne bygg, og om dette ville vore problematisk. Ein antar likevel at problemstillinga kan løysast. Dette betyr at kva fellesnemnda landar på er meir eit spørsmål om ein ynskjer andre effektar av at ein legg denne tenesta inn under andre etatar og under ein felles kommunal administrativ leiar. Dette er meir eit strategisk val for korleis ein vil rigga den nye kommunen administrativt og kva politikarane ynskjer.